



Pressemelding

Dato: 25.08.2021

Passbussen på veg mot Møre og Romsdal

Snart kan mange med lang reiseveg til pass- og ID-kontor, få eit betre tilbod. Eit mobilt passkontor vil besøke utvalde stadar i Møre og Romsdal.

Først ut er Fiskåbygd 9 september, deretter går det slag-i-slag med Valldal, Åndalsnes og Smøla. Same ruta vert køyrt seinare på hausten, i vinter og til våren.

Det er to mobile kontor som skal dekke mesteparten av landet.

– Det er ei heilt ny teneste som vi må hauste erfaringar med og vi legg til fleire stoppestadar etter kvart, seier Arne Aslak Tveitan som er seksjonssjef i Politidirektoratet.

Innbyggjarane kan bestille time på politiet.no som på eit vanleg pass- og ID-kontor. På same nettstaden finn du også oversikt over køyrerutene.

Kontaktperson: politiinspektør Marianne Nørgaard Aae mobil: 959 38 766

Leder for Felles enhet for utlending, forvaltning og sivil rettspleie

Fakta om mobile pass- og ID kontor

- [Innbyggjarane kan bestille time på politiet.no.](http://politiet.no)
 - Når du legg inn stad eller postnummer i timebestillinga, får du opp næraste kontor. Dersom eit mobilt pass- og ID-kontor har stoppestad i nærleiken, kjem det opp som eit alternativ.
 - Det ligg også ei oversikt over [køyrerutene](#) på politiet.no som vert oppdaterte fortløpande.
 - Søknadsprosessen er den same som på eit vanlig pass- og ID-kontor. Du må ha med passet ditt når du skal søke, sjølv om det er utgått. Dersom du ikkje har pass frå før, må du dokumentere identiteten din på annan måte.
-

Dette er køyreruta for Møre og Romsdal dei næraste månadane:

	Adresse	
Vanylven	Vanylven rådhus, 6139 Fiskå	9. september 28. oktober 13. januar 3. mars
Valldal	Fjord kommune rådhus, Olavsgata 10, 6210 Valldal	10. september 29. oktober 14. januar 4. mars
Rauma	Rauma rådhus, Vollan 8A, 6300 Åndalsnes	14. september 2. november 18. januar 8. mars
Smøla	Smøla lensmannskontor, Rådhusveien 14, 6570 Smøla	15. september 3. november 19. januar 9. mars